



Andreas Andersen,

Grasmyrbotn

slokna 23. ds. etter eit par åre i hard sjukdom. Siden joletider siste vinter har han mest hatt sengelege og døden var vel for han no en velkomen gjest.

Men for alle oss som kjente han og for hans næraste er det sårt å vite at denne overmåte driftige, dyktige og arbeidsame mannen ikkje er meir millom oss her.

Heilt frå han var pure ungguten låg ham i fiskarbåten året rundt — sjøen var det vel som det meste av leveåra hans otte heile hans hug.

Ikkje for det — han var god kar til å arbeide på jorda òg. Eigedommen som han overtok etter foreldra blei etter kvart velstelt og fin og dei seinare åra var det den han vigde si meste arbeidskraft.

Andreas Andersen var fødd i Grasmyrbotn — son til Anders Anton og kona hans, Leonora frå Trollvik. I ung alder gifta han seg med næraste nabogjenta, Hanna, fødd Hansen, som lever etter han. Ho har vore ei trugen medhjelp og mykje av arbeidet med gardsstellet har sjølsagt kvilt på henne, då han så mykje var borte. De begynte så å sei med tomme hender men arbeidet seg etterkvert fram til alminnelig velstand.

Andreas Andersen var eit arbeidsjarn som få — han ga aldri opp, før sjukdomen for eit par år sia tok krafta frå ham. Enda det jamt var skralt med helsa, var han alltid den som tok tungtaket i laget sitt. Han har ved sitt virke synt barna sine og mange andre det beste føredøme. Han var ein hjelpsam mann, og i heimen synte han og kona alltid stor gjestevennskap. Knappt fikk vel nokon som kom innom heimen gå der frå utan at dei var blitt rikeleg beverta og det er mange som takkar dem for det.

Når Andreas Andersen nå er borte mellom oss her, er det litt et tomrom — et sårt sagn — etter han.

Må så fred og signing kvile over grava hans og minnet hans.

E. E.
[Edvard Eidissen]